



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5624 - 21/87640

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
23.12.2021

Oversender vedtak om dispensasjon for frådelling av naustetomt til klagvurdering - gbnr 110/5 Syslak

Saksopplysningar

Eigedom: gbnr 110/5
Adresse: Skornesvegen 44, 5955 Lindås
Tiltakshavar/eigar: Syslak Godfred
Klagar: Harris Advokatfirma AS på vegne av tiltakshavar

Saka gjeld

Saka gjeld klage på delegert vedtak i sak 21/5624, datert 30.09.2021, om avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-formålet og byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8, for frådelling av tomt på om lag 100m² frå gbnr 110/5 til gbnr 110/30.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 08.12.2021, der Alver kommune sitt vedtak datert 30.09.2021 ikkje vart oppretthalden og klagen vart tatt til følgje. Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

«APM- 179/21 Vedtak:

Klagen vert teke til følgje ogvedtak i sak 21/5624 datert 30.09,21 vert gjort om. Med heimel i pbl § 19-2 ,Jf pbl § 1-8 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i KDP for Lindåsosane, Lygre og Lurefjorden for frådelling av 100m² frå Gbnr 110/5 til Gbnr 110/30 Syslak

Grunngjeving: Tomta som er søkt frådelt ligg i forlenging av eksisterande naust med tilhøyrande anlegg

Tomta ligg utanfor omsynssone for landbruk i KDP.

Omsynssona bak LNF-føremålet og byggeforbodet i strandsona vert ikkje vesentleg tilsidesett, jfr pbl § 19-2 andre ledd, første punktum.

Naust vil ikkje vera synleg frå sjø.

Tiltaket vil ikkje skapa negative landskapsverdiar.

Tiltaket vil gjere området meir tilgjengeleg for ålmenta som er i tråd med dei statlege planretningslinjene for diffrensiert forvaltning av strandsona langs sjø

APM-utvalet kan ikkje sjå at omsøkt tiltak vil ha negativ påverknig på miljø og kultur,

då detalloreie er etablert tiltak i nærleiken

Vilkår:

Då det vert ei skjering i bakkant av eigedomen, vert det satt som vilkår at bygginga av naustet skal tilpassast allereide etablert tiltak

Etter ei samla vurdering meiner APM-utvalet at fordelane ved å gje dispensasjon med eit vilkår er klart større enn ulempene.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for frådelling av 100m2 frå gbnr 110/5 til gbnr 110/30 - gbnr 110/5 Syslak

Avslag på søknad om dispensasjon frå arealformål LNF - gbnr 110/5 Syslak

Situasjonskart

Løyve etter jordlova til frådelling av 100 m2 til naustetomt - gbnr 1105 Syslak

E-post

Fråsegn - Alver - 110/5 Syslak - deling - dispensasjon

Søknad om dispensasjon og løyve etter jordlova - gbnr 110/5 Syslak

Søknad om dispensasjon og løyve etter jordlova - gbnr 110/5 Syslak (ORG PDF)

Søknad om dispensasjon og løyve etter jordlova

Følgjebrev søknad Syslak

Situasjonskart

Nabovarsel

Klage_på_avslag

Sak 16_1439 i tidlegare Lindås kommune - Omgjering av vedtak etter klageDispensasjon og løyve til frådelling av areal til naust - gbnr 1107 Syslak

Kopi til:

Godtfred Syslak
Harris Advokatfirma AS
Harris Advokatfirma AS

| | | |
|-------------------------|------|--------|
| Skornesvegen 60 | 5955 | LINDÅS |
| Postboks 4115 Sandviken | 5835 | BERGEN |
| Postboks 4115 Sandviken | 5835 | BERGEN |

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER